



## **Til foreldre og føresette i barnehagar og skular i Skjåk.**

I fjor vart det lagt fram forslag om å gå frå 4 til 5 skuledagar for dei minste(1. og 2. klasse).

Saksutgreiinga var ute på høyring i foreldreutvala i barnehagar og skular. Inntrykket frå høyringa var at det er delte meiningar om dette.

Kultur og oppvekstutvalet utsette saka etter høyringa:

### **Vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet - 14.11.2017**

*Saka blir utsett. Det blir ny behandling i løpet av 2018. Det må synleggjerast korleis skuledagen skal innrettast ved 5 dagar. Dette må ut til barnehagane og skulen til drøfting. Ny uttale skal leggjast ved til behandlinga i 2018. Dette skal da legge grunnen for skuleveka frå hausten 2019.*

**Vedteke mot ei stemme.**

Til møtet i Helse-, omsorg- og oppvekst-utvalet 28.08.2018 vart det lagt fram eit eksempel korleis skuledagen kan innrettast ved 5 dagar skuleveke for dei minste (Vedlagt).

HOO-utvalet vedtok samrøystes:

### **Vedtak i Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg - 28.08.2018**

*Presentasjon av korleis ein ser for seg skuledagen/skuleveka for dei minste ved 5-dagars veke blir sendt ut til foreldre i skule og barnehage.*

*Foreldreutvala blir invitert til å sende inn nye uttalar innan 1. oktober, dersom dei ynskjer dette.*

**Vedteke samrøystes.**

Framstillinga blir no sendt ut til alle foreldre.

**Foreldreutval i skule /barnehage kan innan 1. oktober kome med ny uttale, dersom dei ynskjer det.**

Helsing

Unnvald Bakke

Kommunalsjef Oppvekst og utdanning